

Gol kommune
Sigrid Breivik
Gamlevegen 4
3550 GOL

Dykkar ref.
2021/4756-16

Vår ref.
20/106-19/LLH

Dato
29.06.2023

Gol kommune - Åsgårdvegen, Hølstøvegen mfl. - tilråding

Åsgårdvegen - som kommunen skriv, er *Åsgard* einaste godkjente skrivemåte i Sentralt stadnamnregister (SSR) for seternamnet som utgjer forleddet her. Vi tilrår difor skrivemåten **Åsgardvegen**, alternativt **Åsgardsvegen**. Tilsvarende samansetjingar er registrert både med og utan binde-s i SSR og heradsregisteret.

Hølstøvegen - ingen merknader til skrivemåten. *Hølstølen* er einaste godkjente skrivemåte i SSR for seternamna som utgjer forleddet her, og bortfall av bunden ending i samansetjing (*Hølstøl-*) er i samsvar med vanleg namnelaging.

Fantrudvegen - skrivemåten må bli *Fanterud-* i samsvar med SSR og uttalen i heradsregisteret. *Norske Gaardnavne* skriv om namnet «Af fant, der i Hallingdal betegner en fremmed, indflyttet Person, som holder sig afsondret og ikke vil omgaaes med Egnens Indbyggere (Aasen)». Sjølv om det altså ikkje er *fant* i tydinga 'omstreifar, tater' som ligg til grunn for dette namnet, vil vi likevel ikkje tilrå å nytte namnet i adresseringa, sidan forleddet kan oppfattast som støytande.

Fantrud - sjå merknad til førre namn.

Spikjibakkvegen - den delen av vegen som ligg i Nord-Aurdal kommune har namnet *Spikjibakkvegen*. Denne skrivemåten er ikkje i samsvar med primærnamnet (seternamnet), som er registrert i SSR med *Spekebakk* som einaste godkjente skrivemåte. Vi har difor bedt Kartverket om å reise namnesak på seternamnet *Spekebakk* i Nord-Aurdal, slik at skrivemåten for både seternamnet og adressenamnet kan fastsetjast. Gol kommune bør avklare med Nord-Aurdal kommune om vegen skal ha same namn på begge sider av kommunegrensa.

Vennleg helsing

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Gol kommune	Gamlevegen 4	3550	GOL
-------------	--------------	------	-----

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------